



Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201010953-24/344/TALHALS

Dykkar ref.:  
NVE 200903234-43

Bergen, 31. oktober 2012

## Søknad om Øystese kraftverk og konkurrerende prosjekt med overføring frå Vossadalsvatnet til Svartavatnet. Fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til dykkar brev dagsett 18. juni d.å. der de ber Hordaland fylkeskommune om å gje fråsegn til Øystese kraftverk AS sin søknad om å få byggje Øystese kraftverk og BKK Produksjon AS sin søknad om å få overføre av vatn frå Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget.

Fylkesutvalet handsama i møte 25.10 sak 247/12 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- 1. Fylkesutvalet er positiv til overføringa av Vossadalsvatnet til Svartavatnet for produksjon i Samnangervassdraget. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.*
- 2. Fylkesutvalet er positiv til søknaden frå Øystese Kraft AS og rår til utbygging. Fylkesutvalet meiner at det i dette tilfellet, som i dei fleste andre saker, er tilstrekkeleg at utgreiingsplikt etter kulturminnelova § 9 vert utført i tilknytning til godkjenning av detaljplanane, dvs. etter at spørsmål om konsesjon er avgjort.*

Vedlagt følgjer kopi av saksutgreiing og utskrift av møteboka. Sak og vedtak kan ein og lese på nettstaden [www.hordaland.no/energi](http://www.hordaland.no/energi).

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
Rådgivear

Kopi: Warren, Elisabeth Jan, Kultur- og idrettsavdelinga



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

**Regionalavdelinga**

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201010953-20  
Arkivnr. 344  
Saksh. Halsør, Tale, Ullaland, Anne-Gro, Warren, Elizabeth

| Saksgang                  | Møtedato   |
|---------------------------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | 02.10.2012 |
| Fylkesutvalet             | 25.10.2012 |

## **SØKNAD OM BYGGING AV ØYSTESE KRAFTVERK OG OVERFØRING AV VOSSADALSVATNET TIL SVARTAVATNET- FRÅSEGN**

---

### **SAMANDRAG**

Høyringa omfattar to omsøkte utbyggingar i Øystesevassdraget som er delvis konkurrerende med kvarande. BKK søkjer om å få overføre vatn frå Vossadalsvatnet i øvre del av vassdraget til eksisterande produksjon i Samnangervassdraget som vil auke produksjonen der med 38 GWh. Øystese kraft søkjer om å få byggje eit kraftverk som nyttar fall i nedre del av vassdraget og vil gje 63 GWh. Overføring av Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget reduserer produksjonen i Øystese Kraftverk med 30 prosent. Ved realisering av b  e prosjekta vert samla ny kraftproduksjon 82,5 GWh.

Alternativa med overføring frå Vossdalsvatnet til Svartavatnet har f  a konsekvenser for kulturminne og er det beste av dei to alternativa n  ar det gjeld kulturminneinteresser slik vi kjenner dei i dag. Unders  kingsplikta etter    9 i kulturminnelova er ikkje oppfylt.

Konsekvensane for landskap, friluftsliv, reiseliv og p  a naturmilj  et er generelt sm  a og hovudsakleg knytta til redusert vassf  oring. Det er planlagt avb  otande tiltak slik at utbygginga ikkje f  ar verknadar for verdifull anadrom strekning. Utbygging av Øystese kraftverk vil redusere   rredalsfossen, med tilh  yrande fosse-eng. Overføring av Vossadalsvatnet vil redusere verdien av den sterkt truga elvemosevegetasjonen ved utl  opet av vatnet. Omr  adet Vossadalsvatnet ligg i har stor verdi for friluftslivet og har store inngrepsfrie naturomr  ade som vil reduserast ved utbygging.

## FORSLAG TIL INNSTILLING

- Fylkesutvalet er positiv til overføringa av Vossadalsvatnet til Svartavatnet for produksjon i Samnangervassdraget. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
- Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er ikkje oppfylt for Øystese Kraftverk slik det vert stilt krav om. Det er knytt motsegn til konsesjonssøknaden for Øystese kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt.
- Fylkesutvalet avventar endeleg vedtak i saka om utbygging av Øystese kraftverk til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er gjennomført. Dersom kulturminnespørsmåla vert avklarte utan konflikt, vil Fylkesutvalet rå til utbygging, gjeve at utbygginga har tilstrekkeleg minstevassføring til å oppretthalde verdiane knytte til Ørredalsfossen si fossesprøytsone og plass i landskapet.

Paul M. Nilsen  
Fylkesrådmann

Jan Per Styve  
Regionaldirektør

Vedlegg:

Øystese kraftverk:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6085&type=11>

Overføring av Vossadalsvatnet:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6087&type=11>

FYLKESRÅDMANNEN, 18.09.2012:

## 1. Innleiing

NVE har motteke søknad frå Øystese Kraft AS om å byggje og drifte eit vasskraftverk i Øysteseelva i Kvam Herad. Grunneigarane med fallrettar i den aktuelle delen av elva eig selskapet.

BKK Produksjon AS har søkt NVE om overføring av Vossadalsvatnet i øvre del av Øysteseelva til produksjon i Samnangervassdraget. Ei slik overføring er konkurrerende med ein eventuell produksjon i Øystese kraftverk. Desse sakene vert av den grunn handsama i lag og er på felles høyring frå NVE.


BKK har i tillegg inne to søknader om fornying av deira kraftproduksjon i Samnangervassdraget. Verknadane og brukspotensialet for overføringa av Vossadalsvatnet vil også avhenge av resultatet på handsaminga av desse søknadene.

Realisering av baa prosjekta vil redusere produksjonen i kraftverket til Øystese kraft med 30 prosent. BKK vil kompensere for dette økonomisk.

Høyringsfrist er 15. oktober 2012. Grunna møteplan har fylkeskommunen bedt om og fått innvilga utsett høyringsfrist til 31. oktober.

## 2. Prosjekta

Øystese kraftverk med tilhøyrande nedbørsfelt vil liggje i Kvam herad. Vossadalsvatnet, som er søkt overført til Samnangervassdraget, ligg i Kvam herad. Ei eventuell overføring vil gå inn i BKK sin eksisterande, og planlagd utvida, kraftproduksjon i Samnanger kommune.



Figur 1 Oversiktsillustrasjon Øystese- og Samnangervassdraga (henta frå BKK sin søknad)

## 2.1. Prosjektområdet

Begge prosjekta vil nytte vatn frå Øystesevassdraget. Overføringa BKK har søkt om vil nytte nedbørsområdet i øvre del av vassdraget, medan Øystese kraft vil nytte den nedre delen.

Størsteparten av nedbørsfeltet til det ti kilometer lange vassdraget ligg over skoggrensa. Området er ellers prega av fleire fjelltoppar kring på 1200 – 1300 meter og det er fleire små innsjøar rundt 700 – 1000 moh. Vossadalsvatnet ligg på 707 moh. Frå vatnet renn den fem km lange Vossadalselva ned Fitjadalen til Fitjadalsvatnet. Fitjadalsvatnet er den største innsjøen i vassdraget og ligg på 266 meter. Frå vatnet renn den trange Øysteseelva to kilometer ned til Hardangerfjorden.

Vossadalsvatnet ligg i eit variert fjellsområde med fjelltoppar, bratte dalar og små vatn. Området gjev sterke inntrykk, er i stor grad urørt og er den delen av dei råka områda som er rekna for å ha høgast landskapsverdi.

I Fitjadalen spelar vatnet og fossane ei viktig rolle for landskapsopplevinga og dalen har inngrepsfrie område. Området vert rekna som eit svært viktig område for friluftsliv og er klassifisert som eit A-område. Verdien for Fitjadalen vert ein del redusert ved utbygginga av 420 kV-kraftlinja Sima-Samnanger. Den øvre delen av dalen er rekna som sårbart høgfjellsområde. Området kring Fitjadalsvatnet er delvis bygd ut med fritidsbustader, medan nedre del av elva er forbygd for å hindre skader ved flaum. Området mellom inntak og utløp har i dag ingen tyngre, tekniske inngrep, men her er tursti og utsiktspunkt. Det går køyrbar veg frå tettstaden Øystese til Fitjadalsvatnet og traktorveg nokre km vidare oppover. Elva frå Fitjadalsvatnet til Hardangerfjorden er tilgjengeleg lengst oppe ved utløpet frå Fitjadalsvatnet, men går etterkvart inn i eit bratt elvedrag med kløfter og vert slik mindre synleg. Unntaket er Ørredalsfossen som har stor lokal verdi.

Fjordlandskapet området ligg i har gode, men ikkje sjeldne kvalitetar, og er klassifisert som eit typisk fjordlandskap. Det er del av den viktige Hardangerfjorden, og samspelet mellom natur og kultur gjer det til eit område med stor verdi i regional og lokal samanheng.

Svartavatnet, som Vossadalsvatnet er søkt overført til, er i dag allereie synleg sterkt regulert og landskapsverdien i området er av den grunn låg.

## 2.2. Utbyggingplanane

### *Øystese kraftverk*

Kraftverket vil nytte fallet i Øysteseelva frå kote 254 til starten av anadrom strekning på kote 35. Inntaksdammen vert truleg i betong, om lag 6 meter høg og 15-20 meter brei. Planlagt minstevassføring er 400 og 150 l/s høvesvis sommar og vinter.

Frå inntakssjakt vil vatnet gå i ein 1 350 meter lang tunnel med påfølgjande, kort røyrgate (15-20 m) til kraftstasjon i fjell. Frå kraftstasjonen går vatnet vidare i tunnel til utløp med sjakt opp i dagen over anadrom strekning.

Planlagd effekt er 23,43 MW og årleg produksjon estimert til 63,1 GWh. Maks slukeevne er 12 m<sup>3</sup>/s. Utbyggingskostnaden er estimert til 180,6 millionar kroner, som gjev ein utbyggingspris på 2,86 kr/kWh.

Dersom BKK si overføring av Vossadalsvatnet vert innvilga, vert årsproduksjonen til Øystese kraft redusert til 44,7 GWh. Effekt vert då 16,93 MW og slukeevne 8,65 m<sup>3</sup>/s. Den planlagde minstevassføringa vert den same. Kostnaden for den reduserte utbygginga er venta å bli 156,3 millionar kroner, som gir ein utbyggingspris på 3,5 kr/kWh.

### *Overføring av Vossadalsvatnet*

Overføringa frå Vossadalsvatnet vil gå i ein 3 540 meter lang tunnel til Svartavatnet og nyttast i den etablerte kraftproduksjonen i Samnangervassdraget. Tunnelutløpet vil ha terskel lik naturleg



lågvasstand i Vossadalsvatnet. Vossadalsvatnet vil difor ikkje regulerast med variabel vasstand, men ha tilnærma naturlege vasstandvariasjonar. Ved flaum vil overføringa stengjast og vatnet vil renne som i dag i Øystesevassdraget. Inntaket er planlagd plassert 1,5 meter under vasstanden på eit nes i vatnet. Ein 40 meter lang og fire meter høg dam i betong vert plassert 25 meter nedanfor det naturlege utløpet. Minstevassføring frå Vossadalsvatnet er planlagd å vere 115 l/s på sommaren og 40 l/s om vinteren.

BKK har søkt om oppgradering og utviding av produksjonen i Samnangervassdraget og det utløyste kraftpotensialet frå overføringa vil difor avhenge av kor omfattande denne produksjonsendringa vert. Venta auke i produksjon med dagens kraftstasjonar er 37,7 GWh årleg, ved bygging av Aldal kraftverk vil energivinsten på overføringa vere 54 GWh årleg. Utbyggingskostnaden er anslått til 112 millionar kroner, som gir ein utbyggingspris på 3 kr/kWh (gjeve dagens infrastruktur i Samnangervassdraget).

### **2.3. Nettilkopling**

Overføring til Samnangervassdraget vil ikkje utløyse auka effekt, og det er difor ikkje naudsynt med oppgradering av eksisterande nett.

I Øystese vil utbygging krevje ei vurdering av nettsituasjon, då området ligg i ein flaskehals med tanke på uttransportering av kraft. Dette er i endring og BKK har søkt om konsesjon for ei 132 kV linje Øystese-Samnanger, som for tida er til handsaming i NVE. Endeleg løysing for tilkopling for Øystese er dimed ikkje avklart p.t.

I sin søknad ser Øystese kraft for seg å kople seg på den konsesjonssøkte linja Øystese-Samnanger. Det er undersøkt ulike alternativ for tilkoplinga. Det førebels beste alternativ, kostnads- og inngrepsmessig, er vurdert til jordkabel frå kraftstasjon i tunnel og vidare i grøft langs eksisterande veg.

### **2.4. Eksisterande kraftverk og andre omsøkte tiltak**

Øystesevassdraget er i dag ikkje nytta til kraftproduksjon.

I Samnangervassdraget er det i dag fem kraftverk og seks reguleringar, der alle er eigde av BKK Produksjon AS, utanom Tysse kraftverk som er eigd av Safa Eiendom AS. I tillegg finst det to mikrokraftverk som nyttar sideelvar og difor ikkje vert påverka av tiltaka.

BKK Produksjon har søkt om konsesjon til å oppgradere og byggje ut ytterlegare i Samnangervassdraget. Dei ønskjer å byggje Aldal kraftverk, som er tenkt å erstatte dagens Frøland og Myra kraftverk. Eit alternativ er å byggje eit nytt Frøland kraftverk. Overføring av Vossadalsvatnet til Svartavatnet vil påverke energiutbytte og lønsemd positivt i BKK sine eksisterande og planlagde kraftverk i Samnangervassdraget.

### **Verneplanar**

Stortinget vedtok i 2005 å utgreie Øystesevassdraget for vern i samband med suppleringa av verneplan for vassdrag, men vedtok å ikkje verne vassdraget i 2009. Det er difor ope for å søkje konsesjon til kraftproduksjon i vassdraget.

### **Kommunale planar**

Influens- og utbyggingsområdet ligg for det meste i LNF-område i kommuneplanen til Kvam herad. Området Vossadalsvatnet ligg i er merka LNF-N og får følgjande omtale i retningslinjene:

*LNF-N – område har høg verdi anten som verna naturområde, inneheld spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller ein kombinasjon av desse.*

*Vasskraftutbygging, veganlegg, kraftliner, hytter og andre tekniske installasjonar bør ikkje koma i desse områda. Ved vurdering av planar eller tiltak bør det difor leggjast ekstra vekt på å ivareta desse interessene.*

Dei delane av området som ligg ved utløpet av overføringstunellen i Svartavatnet er ikkje merkt LNF-N.

### Samla plan for vassdrag

Utbyggingplanane har ikkje tidlegare vore handsama i Samla plan, og både prosjekta fekk våren 2010 innvilga fritak frå slik handsaming.

### 3. Vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn

I sine konsekvensutgreiingar har utbyggerane utarbeidd ei aggregert samanstilling av konsekvensane på det ytre miljø.

| Tema \ Utbygging     | Overføring av Vossadalsvatnet |                              | Øystese kraftverk            |                              |
|----------------------|-------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|
|                      | Anleggsfase                   | Driftsfase                   | Anleggsfase                  | Driftsfase                   |
| Landskap             | Middels- til liten negativ    | Middels til liten negativ    | Middels negativ              | Liten til middels negativ    |
| Naturmiljø           | Liten negativ                 | Liten negativ                | Liten negativ                | Liten til middels negativ    |
| Fisk og ferskvatn    | Liten negativ                 | Liten negativ                | Liten negativ                | Liten negativ                |
| Kulturminner         | Ubetydeleg til liten negativ  | Ubetydeleg til liten negativ | Liten negativ                | Liten negativ                |
| Friluft- og reiseliv | Liten negativ                 | Liten negativ                | Liten negativ                | Liten til middels negativ    |
| Landbruk             | Ubetydeleg <sup>1</sup>       | Middels negativ <sup>2</sup> | Ubetydeleg til liten negativ | Middels positiv              |
| Samfunn              | Ubetydeleg                    | Liten positiv                | Ubetydeleg til liten positiv | Ubetydeleg til liten positiv |

<sup>1</sup> Dersom anleggsarbeidet er lagt utafor kalvingstida for rein

<sup>2</sup> Ubetydeleg om ein sett opp gjerde i øvre del av Vossadalselva

Det er ikkje gjennomført eigne konsekvensutgreiingar for sumverknadane av b  e utbyggingane, men det er teke med i enkelte punkt der relevant. Det er ikkje vurdert at det vil vere sumverknadar som er st  rre enn det som er skildra for kvar einskild utbygging, sidan dei i hovudsak r  kar to ulike omr  de.

### Kulturminner og kulturmilj  

#### *  ystese kraftverk*

I konsekvensutgreiinga for   ystese kraftverk er det skildra to kulturmilj   i influensområdet; gardane Mo, Vik og   ystese (KM 1) og Bl  koll (KM 2). Samla sett vil utbygginga av   ystese kraftverk ha liten innverknad p   kjende kulturminneverdiar innanfor dei definerte kulturmilj  a. I driftsfasen vil konsekvensane for KM 2 Bl  koll vere liten til ubetydeleg negativ og knytta til inntaksbasseng.

Omr  det er synfart og vurdert av ein arkeolog. Tre av dei planlagde tiltaka er vurdert    ha stort potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Dette gjeld planlagd 22 kV jordkabel/luftline fr   eksisterende transformatorstasjon og opp til dammen, adkomstvegen over innmark p   Mo, og området planlagt oppdemt p   Bl  koll.

#### *Overf  ring fr   Vossdalsvatnet til Svartavatnet*

I konsekvensutgreiinga for overf  ring fr   Vossdalavatnet til Svartavatnet er potensialet for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne vurdert som lite. Omr  det er synfart og vurdert av ein arkeolog.

Det er peika ut tre "kulturhistoriske lokaliteter": ved Fitjadalsvatnet - stor verdi, ved Vossadalen - liten verdi og ved Svartavatnet - middelsverdi. Konsekvensane av dei ulike tiltaka i h  ve til kulturminne og kulturmilj   er vurdert til liten.

### Landskap

Konsekvensane for landskap er s  rleg knytt til redusert vassf  ring i   ystesevassdraget og er merkt liten til middels negative for b  e utbyggingane. Ved utbygging av   ystese kraftverk vil reduksjonen i vassf  ring gjelde berre strekket mellom Fitjadalsvatnet og utl  pet av tunnelen. Her er planlagt minstevassf  ring heile   ret, men dette vil likevel redusere verdien av   rredalsfossen som ligg p   dette strekket. Det er planlagt    leggje ned ein 380 meter lang jordkabel fr   kraftverket til Stuve, som vil gje eit fem meter breitt belte utan vegetasjon. Alle tiltak i denne utbygginga ligg meir enn 1 kilometer fr   inngrepsfrie naturomr  de (INON). Tunnelmassane er planlagt brukte til    utvide jordbruksareal.

Ved overf  ring av Vossadalsvatnet vil vassf  ringa reduserast med ein tredel i heile vassdraget og vere s  rleg synleg i vassdraget ovafor Fitjadalsvatnet.   vre del av vassdraget, der Vossadalsvatnet ligg, er omr  de utan inngrep, for deler av vatnet er det 3-5 km fr   n  raste inngrep. INON-verdien p   omr  det for overf  ringa fr   Vossadalsvatnet vert redusert, ved at 7 km   g  r fr   sone 1 til sone 2, og 9 km   fell bort heilt. Sidan omfanget er lite er konsekvensen rekna som liten/middels negativ.

Svartavatnet og S  ygjelet er omr  de allereie sterkt prega av utbygging. Landskapskvalitetane er av den grunn rekna som l  ge og konsekvensane av det tilf  rte vatnet og tunnelen er difor ogs   l  ge. Massane fr   tunnelen er tenkt plassert i Svartavatnet under vasstand og vil ikkje p  f  re omr  det negative konsekvensar med tanke p   landskapet.

### Naturmilj  

Omr  det generelt er vurdert til    ha liten verdi for naturtypar. Unntaket er fossespr  ytsona kring   rredalsfossen med si velutvikla fosseeng og den truga elvemosevegetasjonen ved utl  pet av Vossadalsvatnet. Inngrep vil p  verke desse omr  da negativt, men minstevassf  ringa ved overf  ringa av Vossadalsvatnet er truleg eit tilstrekkeleg tiltak til    halde artsinventaret i desse omr  da ved like. Den reduserte vassf  ringa som f  lgje av utbygging av   ystese kraftverk vil truleg redusere fossespr  ytsona i st  rre grad og verdien til omr  det vil g   fr   viktig til lokalt viktig. Den reduserte vassf  ringa kan gjere s  k etter mat vanskeleg og kanskje kunne p  verke hekkesesongen for fossekalen i nedre del av vassdraget, men verknadane av dette er rekna for    vere sm   d   det ikkje er p  vist hekkande fossekall oppafor utl  pet til   ystese kraftverk.



I nærleiken av Svartavatnet/Søyagjelet ligg eit viktig viltområde som er vurdert til å ha stor verdi for fugl og pattedyr. Det er særleg i anleggsfasen og ved auka trafikk i Svartavatnet/Søyagjelet-området at utbygginga kan få konsekvensar for fugl og pattedyr. Konsekvensane er rekna som liten negativ, gjeve at avbøtande tiltak gjennomførast.

#### Fisk og ferskvatn

Vassdraget har liten verdi med tanke på fisk, med unntak av anadrom strekning nedst i vassdraget. Her er både laks og aure og strekket er rekna å ha stor verdi. Øystese kraftverk vil ha utløp over anadrom strekning og vil av den grunn i liten grad påverke tilhøva for fisk i dette området. Heller ikkje reduksjonen i vassføring som følgje av overføring av Vossadalsvatnet vil påverke i særleg grad.

Svartavatnet, Vossadalsvatnet og Fitjadalsvatnet er alle kalkfattige, klare og næringsfattige vatn med kun lokal verdi som fiskevatn. Fitjadalsvatnet har ein tett aurebestand som er populær lokalt og som kultiverast av jakt- og fiskelaget, men fisken stammar frå tidlegare utsett fisk og av den grunn avgrensa til å ha lokal verdi. Ingen av utbyggingane er venta å ha særleg innverknad på fisket i vatnet. Gyteplassane i Fitjadalsvatnet er ikkje venta å påverkast. Redusert vassføring vil kunne endre tilhøva for andre ferskvassorganismar i elva ved at farten på vatnet vert lågare.

Planlagde massedeponi langs elva og sprenging i anleggsfasen vil kunne redusere vasskvaliteten grunna avrenning av massar og restar av steinstøv og sprengstoff i vatnet. Avbøtande tiltak bør iverksetjast for å redusere konsekvensane for livet i vassdraget og sikre vasskvaliteten.

#### Friluftsliv og reiseliv

Verknaden av utbygging i vassdraget på friluftsliv og reiseliv er knytt til redusert vassføring og etablering av dam, og klassifisert som liten til middels negativ. Verdien av området Vossadalsvatnet ligg i er stor og nyttast ein del, medan området kring Fitjadalsvatnet er eit meir brukt, men mindre urørt naturområde. Verdien til området generelt til friluftsliv er rekna som stor, der øvre del av vassdraget er registrert som eit svært viktig regionalt område for friluftsliv, jakt og fiske, medan Ørredalsfossen utgjer ein verdi for friluftsliv og reiseliv i nedre del av vassdraget. Verdien av området for reiseliv er middels til liten og verknaden av utbyggingane er også rekna til å vere frå små til middels.

#### Landbruk

Ved overføring av Vossadalsvatnet vil Vossedalselva sin funksjon som gjerde for saueflokkar på beite forsvinne. Området er også viktig for tamrein, og det vil vere viktig å ta særleg omsyn til rein i kalvingstida med tanke på støy frå helikopter og anna arbeid, særleg i anleggsfasen.

Utbygging av Øystese kraftverk får ikkje negative konsekvensar på jordbruket utover at små areal av jordbruksmark vil nyttast til ein veg. På den andre sida er massar frå tunnellutbygginga tenkt plassert og revegetert i eit i dag unytta område og slik gje meir jordbruksareal. Dei av bøndene langs elva med fallrettar vil oppleve auke lønsemda av bruket som følgje av utbyggingane. Verknaden er difor vurdert til middels positiv for denne utbygginga, som er eit initiativ frå grunneigarane.

#### Samfunn

Verknaden av utbyggingane på lokal busetjing og sysselsetjing er venta å vere veldig liten, utover anleggsperioden der opp til ti årsverk kan ventast innanfor bygg- og anlegg. Eigeomsrettane tilhøyrer i stor grad lokale bønder, og inntektene frå kraftutbyggingane vil auke lønsemd i landbruket kring elva.

Eigeomsrettane til fallet i Øystese kraftverk tilhøyrer enten ein av utbygarane, eller det er allereie inngått avtale mellom partane som det i dag er kjend har rett i området. BKK har ikkje avtale om fallrettar for nokon del av Øystesevassdraget og er (pr 30.3.2012) i dialog med rettshavarane (Øystese kraft, andre grunneigarar og Kvam Herad) om rett og kompensasjon. Området som tiltaka ved overføring av Vossadalsvatnet råkar, er to felleseige med totalt fire gardsbruk i Kvam herad. Her er også dialog oppretta, men det er ikkje gjort avtalar. BKK ønskjer minnelege avtalar, men søkjer også om ekspropriasjonsløyve i tilfelle dei ikkje lukkast med det.

Både prosjekta vil gi auke i offentlege inntekter gjennom ulike skattar. Særleg er det dei to kommunane som får inntekter, men nokre skattar tilfell staten og fylkeskommunen. Eventuell overskotsskatt som følgje av overføringa av Vossadalsvatnet vil tilfalle Bergen kommune, der BKK sitt hovudkontor ligg.

|                                | Øystese kraftverk | Øystese kraftverk og overføring av Vossadalsvatnet <sup>3</sup> | Overføring av Vossadalsvatnet |
|--------------------------------|-------------------|-----------------------------------------------------------------|-------------------------------|
| Naturressursskatt <sup>4</sup> | 416 000           | 309 000                                                         | 24 000                        |
| Eigedomsskatt <sup>5</sup>     | 1 038 000         | 717 000                                                         | 4 700                         |
| Konsesjonsavgift               | 16 000            | 127 000                                                         | 116 000                       |
| Konsesjonskraft                | -                 | 598 000                                                         | 598 000                       |
| <b>Totalt</b>                  | <b>1 470 000</b>  | <b>1 751 000</b>                                                | <b>742 700</b>                |

**Tabell 1 Estimerte årlege inntekter til Kvam herad**

|                   | Øystese kraftverk | Øystese kraftverk og overføring av Vossadalsvatnet | Overføring av Vossadalsvatnet |
|-------------------|-------------------|----------------------------------------------------|-------------------------------|
| Naturressursskatt | -                 | 225 000                                            | 225 000                       |
| Eigedomsskatt     | -                 | 615 000                                            | 615 000                       |
| Konsesjonsavgift  | -                 | 43 000                                             | 43 000                        |
| Konsesjonskraft   | -                 | 246 000                                            | 246 000                       |
| <b>Totalt</b>     | <b>-</b>          | <b>1 129 000</b>                                   | <b>1 129 000</b>              |

**Tabell 2 Estimerte årlege inntekter til Samnanger kommune**

Vi ser at overføring av Vossadalsvatnet vil utløyse konsesjonskraft og slik sett vil det mest lønsame for Kvam herad vere at både utbyggingar finn stad. For Samnanger kommune er det berre overføringa av Vossadalsvatnet som vil gje inntekter.

## 4. Vurdering og tilråding

### 4.1. Vurdering

Både utbyggingane er store og vert difor vurdert etter energimåla i Klimaplan for Hordaland 2010-2020. For mindre kraftverk er det utarbeidd retningslinjer for vurdering i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Desse gjeld ikkje for denne utbygginga, men er relevante jf. delmål 9 i klimaplanen.

Klimaplanen slår fast at for å nå målet om å gjere energibruken berekraftig gjennom mellom anna ny fornybar energi, skal Hordaland vere ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi (5.8, Strategi C). Både utbyggingane vil gje ny fornybar energi og støttar slik opp om denne strategien. Den slår vidare fast at ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar, jf. Fylkesdelplanen (sjå vurdering under). Strategien understrekar at det er sentralt å effektivisere- og modernisere eksisterande vasskraftverk. Overføringa av Vossadalsvatnet til eksisterande produksjon i Samnangervassdraget vil støtte opp om dette delmålet.

### Frå retningslinjene i Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland

#### Fjordlandskap

Den delen av landskapet som er klassifisert til fjordlandskap er rekna å ha middels verdi. Det har gode, men ikkje unike kvalitetar. Det viktigaste verknaden i denne samanheng er redusert vassføring, som

<sup>3</sup> Ei eventuell oppgradering av BKK sine kraftverk i Samnangervassdraget vil auke inntektene noko. Med tanke på at den søknaden ikkje er ferdig handsama, går vi her ut i frå dagens produksjon i Samnangervassdraget.

<sup>4</sup> Naturressursskatten vert avrekna mot statlege overføringar gjennom inntektsutjamningsystemet mellom kommunane. Her er gjeve brutto skatteinntekt, estimatet er difor høgt.

<sup>5</sup> Basert på gjeldande sats for eigedomsskatt i Kvam og Samnanger i 2012. Maksimal sats er vedteke auka frå 2013 i statsbudsjettet 2012. Estimat er derfor truleg lågt. Eigedomsskatt i anleggsperioden er ikkje teke med.

reduserer verdien av Ørredalsfossen. Minstevassføring er planlagt og vil dempe verknaden av dette på landskapet. Tiltaket er difor vurdert å ha liten negativ konsekvens for landskapet.

#### Biologisk mangfald

Utbyggingsplanane til BKK vil kunne redusere verdien av den sterkt truga elvemosevegetasjonen ved utløpet av Vossadalsvatnet. Den nær truga fossesprøytsone ved Ørredalsfossen er rekna som viktig, og utbygging av Øystese kraftverk vil kunne redusere verdien av denne. Den planlagde minstevassføringa reduserer påverknaden av utbyggingane på desse sårbare naturtypene.

#### Fisk

Det er ikkje venta negative konsekvensar for innlandsfisket. Planlagd minstevassføring, fråføring av vatn for eggplanting og forbisleppingsventil for å hindre brå endringar i vassføring er tre sentrale, avbøtande tiltak for å sikre den viktige anadrome strekninga nedst i elva.

#### Friluftsliv

I følge dei fylkespolitiske retningslinene for småkraftverk bør ein ”*vise varsemd* ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.” Vossadalen og Fitjadalen er vurdert å ha stor verdi for friluftsliv. Overføringa av Vossadalsvatnet vil ha negativ innverknad på området med etablering av dam og redusert vassføring.

#### Kulturminne

Konsekvensutgreiinga for begge prosjekta skildrar dei kjende kulturminneverdiane og konsekvensane på ein tilfredstillande måte. Det er positivt at det er gjort ei vurdering av potensiale for funn av hittil ikkje kjende kulturminne av fagfolk med naudsynt kompetanse.

Utgreiinga og rangering av konsekvens i høve til kulturminne og kulturmiljø kan bli endra etter at undersøkingsplikta § 9 i kulturminnelova er oppfylt for Øystese kraftverk. Det er sendt kostnadsoverslag og krav om arkeologisk registrering til Øystese kraftverk 28.06.2012. Kostnadsoverslaget vart aldri godkjent. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er ikkje oppfylt.

Hordaland fylkeskommune har ikkje grunnlag for å gje ei tilråding for Øystese kraftverk før undersøkingsplikta er oppfylt. Vi viser til at konsekvensutgreiinga viser tre område med stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune som regional kulturvernmynde har vurdert det som naudsynt å gjennomføre undersøkingsplikta før eventuelt konsesjonsvedtak. Hordaland fylkeskommune vil presisera at det er kulturvernmynde som avgjer når undersøkingsplikta skal oppfyllest. Hordaland fylkeskommune har ikkje tilstrekkelig kunnskap om eventuelle kulturminne til at konsesjon til Øystese kraftverk kan vurderast og fremjar motsegn til Øystese Kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt.

Dersom det er påvist konflikt med freda kulturminne etter konsesjonen er gitt har kulturvernmynde ikkje same mogleigheit til å endre planane enn om det vart påvist før konsesjonen er gitt. Ettersom det er vurdert å vere stort potensial for funn ved tre av tiltaka for Øystese kraftverk bør grad og omfang av konflikten avklarast så tidleg i planprosessen som mogleg slik at desse kan takast omsyn til.

Når det gjeld undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova for overføring frå Vossdalsvatnet til Svartavatnet er potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne vurdert som liten og undersøkingsplikta kan gjennomførast etter at eventuell konsesjon er gitt.

### **4.2. Tilråding**

Ved overføring av Vossadalsvatnet til Svartavatnet og BKK sin kraftproduksjon i Samnangervassdraget vil produksjonen av ny fornybar energi i Hordaland auke med 38 GWh, potensielt 54 GWh dersom BKK byggjer Aldal kraftverk. Overføringa vil ha små eller ingen konsekvensar for kulturminne, landskap, friluftsliv eller naturmiljø. Med tanke på at Samnangervassdraget allereie er utbygd med stor kraftproduksjon vert konsekvensane små og bruken

av ressursane effektiv (jf. delmål 10 i Klimaplanen). Utbygginga vil ikkje gje nokon auke i effekt og vil på den måten ikkje kunne betre tilgangen til energi ved effekttoppane på kalde vinterdager. Det er likevel ein stor fordel med overføringa at vatnet vert nytta i eit regulert vassdrag som vil kunne betre kraftsituasjonen i år med lite nedbør.

Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn mot utbygginga av Øystese kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt grunna stort potensiale for funn i dei råka områda. Utover dette er ikkje utbygginga venta å ha store konsekvensar, men den vil gje redusert vassføring i Ørredalsfossen, som har noko verdi for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Dette vil bli første utbygginga i eit vassdrag som ikkje til no har vore utbygd til kraftproduksjon. Utbygginga støttar opp om Klimaplanen sin strategi om produksjon av ny fornybar energi og vil føre til ei effektauke som vil tilføre meir straum til effekttoppane. Endeleg vedtak i denne saka bør utsetjast til kulturminnespørsmåla er avklarte.

**Tom-Christer Nilsen** opplyste at far hans er styreleiar i BKK, og stilte spørsmål om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom-Christer Nilsen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Nilsen gjekk frå under røystinga.

**Stein Inge Ryssdal** møtte for Tom-Christer Nilsen i saka.

Fylkesvaraordførar **Mona Hellesnes** leidde møtet.

**Astrid F. Selsvold** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2 (erstattar innstillinga, kulepunkt 2 og 3):  
Fylkesutvalet er positiv til søknaden frå Øystese Kraft AS og rår til utbygging. Fylkesutvalet meiner at det i dette tilfellet, som i dei fleste andre saker, er tilstrekkeleg at utgreingsplikt etter kulturminnelova § 9 vert utført i tilknytning til godkjenning av detaljplanane, dvs. etter at spørsmål om konsesjon er avgjort.»

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet rår frå utbygging av Øystese kraftverk og går mot overføring av Vossadalsvatnet til Svartavatnet.»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, V) og fall.

Innstillinga kulepunkt 2 vart vedteke mot 7 røyster (SV, V, Sp, A).

Selsvold sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (SV, V).

Innstillinga kulepunkt 2 og 3 fekk ingen røyster og fall.

### **VEDTAK**

1. Fylkesutvalet er positiv til overføringa av Vossadalsvatnet til Svartavatnet for produksjon i Samnangervassdraget. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
2. Fylkesutvalet er positiv til søknaden frå Øystese Kraft AS og rår til utbygging. Fylkesutvalet meiner at det i dette tilfellet, som i dei fleste andre saker, er tilstrekkeleg at utgreingsplikt etter kulturminnelova § 9 vert utført i tilknytning til godkjenning av detaljplanane, dvs. etter at spørsmål om konsesjon er avgjort.